Hjelp-Moldova
- uavhengig humanitær hjelpeorganisasjon

# Årsmelding for Hjelp Moldova 2020

**Styret si samansetjing:**

| | |
|---|---|
| Leiar: | Jarle Ådlandsvik |
| Nestleiar: | Hans Bjørn Bakketeig |
| Kasserar: | Jan Eide |
| Styremedlem: | Heine Oen |
| | Nils Fredrik Nilsen |
| Varamedlem: | Ingunn E. Bakketeig |
| | Maria Abusdal Tveit |
| | |
| Valkomité: | Tonje S. Faanes (leiar) |
| | Erik Bjerring Hansen |
| | Jorunn Indrefjord |

2020 har vore eit spesielt år for oss alle, grunna covid-19-situasjonen, og aktiviteten og deltakinga frå oss i Noreg har sjølvsagt vore redusert. Hans Bjørn Bakketeig hadde to turar til Moldova før alt stengte ned i mars.

Første turen i januar var saman med representantar frå Universitetet Sørøst-Norge. Då fekk dei planlagt optometristudiet, så undervisinga har gått sin gang – i hovudsak digitalt sidan mars. Kommande vår/sommar er dei første studentane ferdig uteksaminerte etter fire års utdanning, så det blir ei stor happening. Med dette vil synshjelp i Moldova bli mykje enklare.

På den andre turen var det pasientane og drift av synssenteret som stod i fokus. Men så kom pandemien, alt ble stengt ned, og Hans Bjørn måtte forlate landet i hui og hast den 12. mars.

Sjølv med ein vanskeleg koronasituasjon og stort smittetrykk i Moldova, har senteret hatt stor pågang av pasientar. Dei tilsette har gjort ein fantastisk jobb, og talet på pasientar som har fått hjelp er mange.

**Medlemmar og faste gjevarar**
I 2019 var talet på medlemmar 102. Av desse er 80 faste gjevarar, dvs. om lag det same som tidlegare.

**Styret**
Organisasjonen har hatt fem styremøte i 2020, to av dei digitalt på Teams.

**Økonomi**
Eitt av hovudmåla våre var å få myndigheitene i Moldova til å ta større ansvar, noko vi har jobba mykje med. Den politiske situasjonen og Covid-19 har gjort dette vanskeleg. Gjennom

medisinsk forsikring i Moldova (moldovske myndigheiter) har vi fått tilført kr 200 000,-. Å vidareutvikle dette samarbeidet blir ei viktig oppgåve i 2021.

**Grieg Foundation**, organisasjonen sin viktigaste støttespelar dei siste ti åra, har også i år støtta arbeidet vårt i Moldova med kr 250 000,-.

Vi er imponert og takknemlege for innsatsen dei vidaregåande skulane **Fusa vgs, Langhaugen vgs, Os gymnas, Os vgs og Austevoll vgs** gjer for Hjelp Moldova. Engasjementet blant dei unge er stort – og alle skulane gjennomførte gode aksjoner også i år, men på grunn av Covid-19-restriksjonar vart resultatet litt mindre enn i 2019.

**Støtta frå givarar** rundt om i landet har også i år gjort arbeidet vårt i Moldova mogleg. Stor takk til alle!

Innbetalingane frå faste gjevarar har gått til synssenteret, dette er om lag kr 8 000,- per månad.

Organisasjonen er i ei krevjande økonomisk situasjon og måtte sei opp Hans Bjørn Bakketeig 1. juli.

## Nokre høgdepunkt frå 2020:

- I løpet av året har om lag tusen synshemma i Moldova fått hjelp i form av briller og andre tiltak. Aktiviteten vi har hatt i rundt augekomplikasjonar ved diabetes gjer at mange heldigvis unngår å bli blinde.
- Haustens studietur for dei fire vidaregåande skulane måtte gå ut på grunn av covid-19. Desse turane er svært viktige for samarbeidet vårt, då elevar og lærarar med sjølvsyn får sjå korleis innsamla midlar vert brukte.
- Julegåveprosjektet gav eit resultat på om lag kr 35 000,-. Desse midlane blir fordelte på ulike vanskelegstilte familiar i kommande år.
- 13. september sendte Hjelp Moldova av garde ein trailertransport til Moldova. Dette let seg gjere fordi transportnæringa er fritatt for fleire av covid-19-restriksjonane. Traileren inneheldt mellom anna to faco-maskiner for operasjon av grå stær, lese-TV, briller og sjukehussenger.
- Optometriutdanninga: Vi er utruleg stolte over at vi har klart å opprette ei eiga optometriutdanning i Moldova – som per dags dato er utan eigne optikarar. Utdanninga går sin gang, og har no om lag 50 studentar fordelt på 4 trinn. I praksisperiodane er synssenteret v/ dr. Tatiana Ghidirimschi og optikar/prosjektansvarleg Hans Bjørn Bakketeig aktive med undervising på Teams.

Vi takker alle gjevarar og samarbeidspartnarar for all støtte i 2020.

*Styret i Hjelp Moldova*